

Vekeplan for snille 7. trinn, veke 39



Hei, alle saman! 😊

Minner om **utviklingssamtalar** tysdag 22.september og tysdag 29. september.

På **torsdag** skal vi ta **skulebileter**. Hugs å samtykke i Vigilo, ingen samtykke = ingen bilete. Vi får også besøk i frå leirskulen same dag.

Norsk: Denne veka skal du lage din eigen enket-undersøking, og du skal føre resultata inn i eit diagram.

Engelsk: Denne veka skal vi snakke litt om kva fag du likar på skulen, og kva du interesserar deg for. Det blir også litt skriving.

Matematikk: Vi held fram med negative tal.

Ha ei super veke, alle saman! 😊

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.30-08.45	Lesekvart	Lesekvart	Lesekvart	Lesekvart	Lesekvart
08.45	08.45-09.30 Norsk Vekas dyr	08.45-09.30 Engelsk "What are you curious about?"	Uteskule	8.45-10.40 Kunst&handverk/ mat&helse	08.45-09.30 Norsk Enket
09.30-09.45	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
09.45-10.40	09.45-10.40 Matematikk Negative tal	09.45-10.40 Norsk Enket	Uteskule	Ole: med Gro Dole: m&h Doffen: med Stig	09.45-10.40 Engelsk "What are you curious about?"
10.40-11.00	Spising	Spising		Spising	Spising
11.30	11.30-13.45 Tema Livet på jorda	11.30-12.15 Matematikk Negative tal	Tema Livet på jorda	11.30-13.15 Stasjonar	11.30-12.25 Matematikk FAL-aktivitetar
12.15/12.30		Gym 12.15-13.15			12.25-13.10 Timen livet
13.15				13.15-13.45 Musikk	
	Slutt kl 13.45	Slutt kl 13.15	Slutt kl 13.45	Slutt kl 13.45	Slutt kl 13.10 God helg! 😊

Til tysdag	Til onsdag	Til torsdag	Til fredag
• Les leseleksa kvar dag. Hugs å skrive korleis lesinga har gått. • Hugs gymklede og det du treng til gymmen	Les leseleksa kvar dag. Hugs å skrive korleis lesinga har gått.	Les leseleksa kvar dag. Hugs å skrive korleis lesinga har gått.	Les leseleksa kvar dag. Hugs å skrive korleis lesinga har gått. Har du hugsa å svare på spørsmåla også?

Ord og omgrep vi arbeider med for tida:

- **nyheitsartikkel**- ein tekst i ei avis eller på ein nettstad som fortel om noko ekte som nettopp har skjedd. Skal gi svar på kven, kva, kvar, når, korleis og kvifor
- **intervju**- ein samtale der ein person stiller spørsmål (journalist) og ein annan svarer (intervjuobjekt)
- **reportasje**- ein slags forteljing frå den verkelege verda. Den som fortel er, eller har vore, på staden det blir rapportert frå. Den kan vere både munnleg og skriftleg.
- **ingress**- innleiing
- **brødtekst**- sjølve hovudteksten
- **oppfølgingsspørsmål**- ein tørr, sprø lyd, som frå ved som brenn
- **sensur** - (stats)kontroll med innhald i aviser, bøker, filmar og liknande

Læringsmål	
Sosialt mål: Eg gjer dei andre i klassen arbeidsro	
Norsk:	• Eg kan beskrive kjenneteikn ved intervju, nyheitsartikkel og reportasje. • Eg kan forklare kva ein <i>enket</i> er. • Eg skal lage min eigen enket-undersøking og føre resultata inn i eit diagram.
Matte:	• Eg kan plassere negative tal på ei tallinje • Eg kan løyse oppgåver med negative tal, både på ei tallinje og ved rekning
Engelsk:	• I can talk about what matters to me in my life • I can express my opinions • I can read, tal and write about people who have made a difference
Tema:	• Eg kan gjere greie for korleis organismar kan delast inn i hovudgrupper, og gi døme på særtrekka til ulike organismar
Kontaktinfo:	Tone Clausen Rolland: tone.rolland@bergen.kommune.no Salhus skule, tlf: 53 03 49 00

Ha ei super veke og ein god helg, alle saman! 😊